



# Aurland kommune

## -det naturlege valet

### FORSKRIFT OM SKULEFRITIDSORDNING (SFO) I Aurland kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Aurland kommune 13. juni 2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5, femte ledd.

#### § 1 Føremål

Kommunen skal ha tilbod om SFO før og etter skuletid for elevar på 1. til 4. trinn og for elevar med særlege behov på 1. til 7. trinn. Forskrift skal gjere regelverket meir tilgjengeleg og føreseieleg for dei som nyttar seg av SFO.

#### § 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld den offentlege grunnskulen i Aurland kommune. Forskrifta gjev fråsegn som gjeld for skulefritidsordninga (SFO). Alle skoler med barnetrinn (1.-7. årstrinn) skal ha ei skulefritidsordning for elevar på 1. til 4. årstrinn og for elevar med særlege behov på 1. til 7. årssteg.

#### § 3 Eigar

Aurland kommune er eigar av SFO som er knytt den offentlege grunnskulen i Aurland kommune. Ansvar for drift er lagt til begge skulane sine lokale SFO.

#### § 4 Opptaksmyndigheit

Rektor er opptaksmyndigheit for SFO. Opptak skjer i samarbeid med SFO leiar.

#### § 5 Opptakskriterium

**SFO er eit frivillig aktivitets - og omsorgstilbod før og etter skuletid** for elevar på 1. - 4. trinn og for elevar med særskilde behov på 1. - 7. trinn. Kriterium for tildeling av plass for born med særskilde behov, er at barnet har nedsett funksjonsevne som fører til omfattande og/eller vedvarande trong for tilsyn før og etter skuletid. Søknaden skal grunngjevast og dokumentasjon frå sakkunnig instans skal leggjast ved søknad.

#### § 6 Opptaksperiode og endringar av plass

Søknad om opptak skal sendast rektor ved begge skulane innan fristen, 1. april. I søknaden må det gjevast melding om eventuelle vanskar SFO bør kjenna til. Alle søkjarar har garantert plass ved hovudopptak. Opptak utanom søknadsfrist kan vurderast dersom ressursituasjonen gjer det mogleg. Dette er avhengig av tal born som er påmelde og bemanningsplanen som er lagt etter hovudinntaket. Det skal skrivast ein eigen avtale om opphalds- og betalingsvilkår for kvart barn.

## **§ 7 Oppseiing av plass**

Plassar kan seiast opp skriftleg med 1 månads varsel, påfølgjande frå fyrste i månaden. Det må betalast i oppseiingstida sjølv om plassen ikkje vert nytta til dømes i endringar av opphaldet frå heil til halv plass. Aurland kommune kan seia opp ein plass ved manglande betaling, men med ein månads skriftleg varsel.

## **§ 8 Opphøyr av plass**

Aurland kommune kan seia opp ein plass ved manglande betaling, men med ein månads skriftleg varsel.

## **§ 9 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid**

Skulefritidsordninga har to ulike grunntilbod som går dei 10 månadane det er skule.

Dagleg opningstid er mellom kl. 07.30 og 16.00. SFO er open i skuleferiar, bortsett frå i 4 samanhengande veker i juli og inntil 6 planleggings dagar for året. SFO er stengt også i perioden 24/12 – 1/1 og i påskeveka.

Påmeldinga til feriedagar er bindande, og må betalast for også om barnet ikkje møter. Dette er fordi SFO vert bemanna ut frå påmelding.

Brukartilpassing som gjeld frå 1.august 2024:

1. Heil plass er på 38 veker der SFO-tilbodet er ca. 20,5 timar pr veke.
2. Redusert plass er på om lag 12 timar pr. veke og gjeld mellom klokka 07.30 til 08.30 og frå skuleslutt fram til kl. 14.10 (ABU) / 14.30 (Flåm) alle dagane det er skule.

Betalingssatsane ligg fast, men foreldre/føresette kan gjera avtale om avgrensa tilpassingar for opphaldstida.

Dei to ulike grunntilboda kan kombinerast med ferietilbodet.

Dersom det er ledig kapasitet i høve til gjeldande bemanning, er det høve til å søkja om å få utvida frå redusert til heil plass på einskilddagar. Også barn utan fast SFO plass kan kjøpa enkeltdagar på skuledagar og i feriar dersom det er ledig plass. SFO-fagleiar avgjer.

Administrasjonen kan tilpassa tilboda til skulesituasjonen kvart år.

## **§ 10 Foreldrebetaling og plassar**

SFO har desse plassane: Inntil 12 timar pr. veke. Meir enn 12 timar pr. veke.

Einskilddagar kan kjøpast, men ikkje faste einskilddagar meir enn 3 veker på rad.

Kommunestyret fastset kvart år betalingssatsane, søskenmoderasjon (50% for barn nr 2, 75% vidare) og gebyr ved for sein henting.

For juni, august og desember skal det betalast for tal dagar SFO har ope. For dei andre månadane i skuleåret skal det betalast heil sats.

Når det vert gjeve tilbud om SFO plass utanom skuleruta, gjeld dagsatsar vedtekne av kommunestyret.

Rektor kan innvilga redusert betaling etter søknad frå føresette.

Ved for sein henting skal det betalast gebyr.

Foreldra betaler etter to grunnsatsar ut frå ein fast timepris som er lik for alle tilboda.

Betalinga vert fordelt på 10 månadlege innbetalingar. Juli og august er månader utan faktura på grunn av at det er start- og avsluttande månadar. Sysken får redusert opphaldsbetaling. Den som har lengst opphaldstid, betaler fullt. Kvar av dei andre får 50% betalingsreduksjon. Det vert teke atterhald om at betalingsstatsane kan verta endra i avtaleperioden som fylgje av vedtak i kommunestyret.

**Elevar på 1., 2. og 3. trinn har rett på 12 timar gratis SFO i veka.**

### **§ 11 Innhaldet i tilbodet på SFO**

Skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og borna sine interesser. SFO Skal gje omsorg og tilsyn. Den nasjonale Rammeplanen for SFO presiserer regelverket og kva som er verdigrunnlaget for SFO, og den skildrar innhald og arbeidsmåtar i SFO. Rammeplanen er førande for SFO. Ved matsservering skal maten vere av god og ernæringsmessig standard. Sosiale og kulturelle verdiar ved måltidet skal vektleggjast. Det psykososiale miljøet i SFO skal fremja helse, inkludere, trivsel og læring. Aurland kommune sin handlingsplan for eit trygt og godt barnehage- og skolemiljø skal liggja til grunn for arbeidet. Forskrifta til skulen om skulereglar gjeld ikkje for SFO. SFO skal laga lokalt tilpassa ordensreglar for opphaldet i SFO.

### **§ 12 Leike og opphaldsareal**

Leike- og opphaldsarealet innandørs skal minimum vere 4 m<sup>2</sup> pr. barn. Lager, gang og toalett skal ikkje reknast som opphaldsareal.

Skulefritidsordninga ved ABU har sin faste base, og i tillegg nyttar SFO skulekjøkkenet, torget, Aurlandshallen og andre klasserom etter behov. Leikeplassen på skulen er uteareal utanom organiserte turar.

Skulefritidsordninga på Flåm skule har base i klasserom ved sida av skulekjøkkenet, men nyttar i tillegg skulekjøkkenet, gymsalen, vandrehallen med bibliotek, og eit grupperom. Leikeplassen på skulen er uteareal utanom organiserte turar.

§ 13 Styring og leiing SFO er administrativt underlagt kommunedirektøren ved kommunalleiar oppvekst. Rektor har det administrative, faglege og økonomiske ansvaret for ordninga ved begge skulane. SFO skal ha eigen leiar (SFO-leiar) som rapporterer direkte til rektor. Stillingsstorleik vert tilpassa storleik SFO. SFO-leiar skal ha minimum tre års relevant høgskuleutdanning.

SFO-leiar har møte- og uttalerett i skulen sitt samarbeidsutval (SU) i saker som vedkjem SFO.

### **§ 14 Bemanning**

Det skal til ei kvar tid vere minst to tilsette til stades i opningstida til SFO. Bemanninga må vere forsvarleg i høve til borna sin alder og føresetnader.

Det skal vera ein vaksen pr. 12 born som ein grunnregel. Dette skal også dekkja ein del av eventuelle særskilde behov. Det betyr ei bemanningsnorm som er fleksibel og som kan tilpassast når det er trong for det. Som grunnlag for vurdering av bemanninga skal rektor i hovudsak leggja til grunn eit årsverk per 18 heile plassar. Personale som skal ivareta born med særskilde behov, vert tilsett utover den ordinære bemanninga etter ei fagleg vurdering av rektor og SFO-leiar. Det er ynskeleg at personalet i SFO har relevant utdanning og/eller erfaring med arbeid med born i aldersgruppa. Bemanninga i SFO kan verta sett saman av assistentar, personar med relevant fagbrev og personar med høgare utdanning.

**§ 15 Forsikring Ulykkesforsikringen** som Aurland kommune dekkjer for skuleborn, gjeld også for born i SFO. Kommunen er ikkje erstatningspliktig for eigendelane til borna på SFO, utover vanleg erstatningsrettslege reglar.

**§ 16 Iverksetting Forskrifta trer i kraft 1. august 2024.**

Høyring Aurland kommune